



Linda Øen overtar som kultursjef etter Kristian Bringedal 1.juli.(Foto: Kristian Hus)

**Kristian Bringedal har sin siste arbeidsdag som kultursjef i Kvinnherad kommune den 30.juni. Det er no bestemt at Linda Øen vert konstituert i stillinga frå 1.juli og fram til ny organisasjonsplan i kommunen er på plass. Linda Øen er frå Rosendal, og er dotter til Aud Helene(opphaveleg frå Uskedalen) og Roald Øen.**

- Frå 1.juli overtar Linda Øen som Verksemdsleiar for kultur og fritid, og ho overtar frå då alle funksjonar og fullmakter som eg har hatt, orienterer den komande pensjonisten Kristian Bringedal. Linda Øen har arbeidd ved kulturkontoret i om lag 10 år, og ho har representert kulturetaten på ein flott måte i mange samanhengar.

Den nye organisasjonsmodellen i kommunen er ikkje ferdig, og dermed er det ikkje bestemt korleis det framtidige kulturarbeidet i kommunen skal organiserast. Det er også knytta spenning til om stillinga som kultursjef vert oppretthalden. Det er imidlertid venta at dette vert avklara innan kort tid.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland